

2 UTRYDDE SVOLT



Hå kommune jobbar for å oppretthalda mattryggleiken og fremja berekraftig landbruk.

Berekraftig matproduksjon

Som ein av dei største landbrukskommunane i landet, har Hå kommune eit særskilt ansvar for mattryggleiken i Noreg. Landbruk, fiskeri- og havbruk må tilpassa seg eit klima i endring og samstundes ta sin del av ansvaret for å redusera klimagassutslepp. Betre ressursutnytting i heile verdikjeda er eit viktig berekraftstiltak.

Delmål:



1. I Hå skal me ha ein berekraftig matproduksjon som bidreg til å oppretthalda mattryggleiken i Noreg.



2. Hå kommune legg til rette for berekraftig forvaltning av ressursane på land og til vanns slik at økosystema vert oppretthaldne samstundes som krav til produktivitet og produksjon vert tekne i vare.



3. Hå kommune skal støtta ei aktiv landbruksnæring og ein aktiv næringsmiddelindustri der innovasjon og teknologiutvikling står sentralt.



Hå kommune sikrar god helse og fremjar livskvalitet for alle, uansett alder.

God helse

Hå kommune har ansvar for å levera gode og forsvarlege helse-tenester til alle som treng det, uavhengig av alder og helse-situasjon. Kommunen har gjennom planlegging, barnehagar, skular, stadsutforming, kultur- og fritidstilbod moglegheita til å bidra til god helse for innbyggjarane, og utjamna skilnadar i helse-tilstand som kan forklarast med sosial og økonomisk ulikskap.

Delmål:



1. I Hå skal me gjennom førebyggjande arbeid med fysisk og psykisk helse og med tidleg innsats fremja god folke-helse, motverka utanforskap og redusera risikoen for sjukdom og tidleg død.



2. I Hå skal innbyggjarane ha tilgang til lovpålagde og naudsynte helsetenester av god kvalitet til rett tid innan forsvarlege rammer.



3. Hå kommune samarbeider aktivt med innbyggjarar og fri-villige lag og organisasjonar, for å møta dagens og morgondagens helseutfordringar.

4 GOD UTDANNING



Hå kommune sikrar inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremjar livslang læring for alle.

God utdanning

Alle barn og unge skal ha eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø som fremjar trivsel og læring. Utdanningsarenaer som barnehagar, grunnskular, vidaregåande skular og universitet/høgskular, er nokre av dei viktigaste faktorane som bidreg til utjamning av sosiale skilnadar i befolkninga. Samstundes er læring ikkje avgrensa til barn og unge. Livslang læring hevar livskvaliteten og byggar kapasitet i samfunnet.

Delmål:



1. I Hå skal me arbeida aktivt for å skapa trygge oppvekstmiljø.



2. I Hå skal alle barn ha tilgang på barnehageplassar av god kvalitet som bidrar til utvikling, læring og tryggleik. Barna skal kjenna tilhøyr, oppleve motivasjon og meistring, få trening i sosial kompetanse og sikrast god helse gjennom gode leike- og læringsmiljø.



3. I Hå skal innbyggjarane kunna tileigna seg relevant kompetanse som sikrar større fleksibilitet i møte med framtidens samfunn og arbeidsliv.



4. Hå kommune skal ha ein trygg og inkluderande skule med høgt fagleg nivå.



*Hå kommune byggjer solid infra-
struktur og fremjer eit inkluderande,
innovativt og berekraftig næringsliv.*

Innovasjon, infrastruktur og næringsutvikling

Hå kommune har ansvar for å leggja til rette for innovative næringar og sikra infrastruktur lokalt som bidreg til å sikra ei berekraftig utvikling. Det er eit stadig aukande behov for tilgang og tilrettelegging av informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Hå kommune ønsker å vera attraktiv for bedrifter og innbyggjarar.

Delmål:



1. Hå kommune skal leggja til rette for eit attraktivt og innovativt næringsliv som bidreg til arbeidsplassar og verdiskaping.



2. Hå kommune skal vera attraktiv for innbyggjarar og bedrifter, og leggja til rette for næringsetablering, omstillingsdyktig og berekraftig næringsutvikling.



3. Hå kommune skal leggja til rette for, og arbeida aktivt med innovasjon og digitalisering for å gjera tenestene betre og meir tilgjengelege for innbyggjarane.



Hå kommune har inkluderande, trygge og berekraftige stasjonsbyar og tettstader.

Berekraftige stasjonsbyar og tettstader

By- og tettstadsutvikling må retta seg mot både miljø-, sosial- og økonomidimensjonane i berekrafta. Den miljømessige dimensjonen dreier seg om å sikra omsynet til miljøet, satsa på innovasjon og ny teknologi. Den økonomiske dimensjonen dreier seg om å skapa økonomisk livsgrunnlag i eit langsiktig perspektiv. Den sosiale dimensjonen dreier seg om å fortsetja innsatsen for å skapa sosial balanse i lokalsamfunna.

Delmål:



1. I Hå skal me ha berekraftige, attraktive og inkluderande bumiljø.



2. I Hå skal alle innbyggjarar kunna engasjera seg og delta i planlegginga av lokalsamfunnet og kommunen gjennom opne og inkluderande medverknadsprosessar.



3. Hå kommune vil leggja til rette for vekst i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka, samtidig som det vert teke omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.



Handling mot klimaendring

Hå kommune har eit ansvar for å sikra at kommunen sine areal og innbyggjarar er best mogleg rusta for å redusera klimagassutslepp og konsekvensane av klimaendringane. Kvar enkelt innbyggjar og forbrukar må vera villig til å endra vanar, men kommunen kan fungera som tilretteleggar.

Delmål:



1. I Hå skal samfunnet vera rusta for å stå imot og tilpassa seg klimaendringane.



2. Hå kommune skal planlegga og innarbeida tiltak for å motverka klimaendringane, og tilpassa seg og redusera konsekvensane av dei i samarbeid med innbyggjarar og næringsliv.



3. Hå kommune skal saman med landbruk og anna næringsliv redusera klimagassutslepp gjennom rasjonell utnytting av energiressursar og infrastruktur.

17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA



Hå kommune har verkemiddel, partnerskap og samarbeid på tvers som sikrar ei berekraftig utvikling.

Me løfter i lag

For å skapa eit velfungerande og inkluderande samfunn er det viktig at kommunen har eit godt samarbeid innan organisasjonen, med næringsaktørar, overordna myndigheiter og innbyggjarar.

Delmål:



1. Hå kommune løfter i lag på tvers av heile organisasjonen saman med leiarar, medarbeidarar, tillitsvalde og folkevalde til det beste for innbyggjarane i kommunen.



2. Hå kommune løfter i lag med innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar, næringsliv, statlege og regionale organar og nabokommunar for å oppnå berekraftig utvikling.